

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.03.2021

Tilskot frå posten Ymse barne- og ungdomsføremål. Mellombels endring av vurderingskriteria og avsetjing av midlar

### Forslag til vedtak

1. Ordninga tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar blir lyst ut med søkeradsfrist 15. april 2021. Vestland fylkeskommune set av 2 002 000 kr i tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar i 2021.
2. Ved utrekning av støtte til organisasjonane frå tilskotsordninga blir medlemstal for 2019 eller 2020 lagt til grunn, saman med dei andre vurderingskriteria i ordninga. Fylkeskommunen legg det høgste medlemstalet frå dei to åra til grunn, for å kunne redusere tap i tilskot som følgje av korona-pandemien.
3. Ordninga tilskot til regionale ungdomsparti blir ikkje lyst ut i 2021.

### Samandrag

Dei regionale frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane gjer gjennom aktivitetane sine eit viktig arbeid for å fremje medverknad, inkludering, deltaking, engasjement og demokrati for barn og ungdom. I 2020 vart det tildelt i alt 1 752 000 kr gjennom ordninga tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar. Fylkesdirektøren vil styrke ordninga ved å auke søkeradsporten til 2 002 000 kr i 2021. Ein del frivillige organisasjonar har hatt medlemsnedgang som følgje av korona-pandemien, og fylkesdirektøren tilrår at det høgste medlemstalet frå åra 2019 eller 2020 blir lagt til grunn ved utrekninga av tilskot, som ei mellombels endring i 2021, for å dempe negative verknader av pandemien. Fylkesdirektør tilrår at tilskot til regionale ungdomsparti, som i 2020 hadde midlar frå same budsjettpost som tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar, ikkje blir lyst ut i 2021. Dette i tråd med budsjettvedtak gjort i fylkestinget desember 2020.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Ronny Skaar  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget har i 2021 sett av i alt 2 002 000 kr i tilskot barne- og ungdomsorganisasjonar frå budsjettposten Ymse barne- og ungdomsføremål.

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok i møte 3. april 2020, sak 41/2020, [retningslinjer for ordninga tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar](#). Hovudutvalet vedtok i møte 4. juni, sak 90/2020, [retningslinjer for ordninga tilskot til regionale ungdomsparti](#). Begge tilskotsordningane hadde i 2020 midlar gjennom posten Ymse barne- og ungdomsføremål. Det vart i 2020 løyvd 1 752 000 kr i tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar. Det var sett av 400 000 kr til ordninga tilskot til regionale ungdomsparti i 2020. 329 966 kr vart løyvd frå ordninga, då ikkje alle ungdomspartia søkte.

I budsjettet 2021 står m.a. følgjande tekst om posten Ymse barne- og ungdomsføremål:

Dei regionale ungdomspartia får tilskot til drift via staten, og det vert gjort framlegg om at ordninga i fylkeskommunen ikkje blir vidareført. Midlane i tilskotsordninga til ungdomsparti vil bli fordelt til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar som ikkje mottek driftsstøtte gjennom andre tilskotsordningar

Fylkesdirektøren gjer derfor framlegg om at tilskot til regionale ungdomsparti ikkje blir lyst ut i 2021, og at alle midlane blir tildelt som tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar. Dette vil styrke ordninga med i alt 250 000 kr.

Dei frivillige organisasjonane i Vestland har opplevd korona-pandemien som utfordrande. Dette kjem mellom anna fram i ei [spørjeundersøking som Vestland fylkeskommune gjennomførte i desember 2020](#). Enkelte organisasjonar melder at dei har opplevd medlemsnedgang under pandemien. Derfor tilrår fylkesdirektøren at utrekninga av tilskot til dei regionale frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane blir gjort på bakgrunn av det høgste medlemstalet dei to siste åra, 2019 eller 2020, saman med dei andre vurderingskriteria i ordninga.

Barne- og familidepartementet har gjort eit liknande grep når det gjeld grunnstøtta til barne- og ungdomsorganisasjonane nasjonalt, gjennom ei [mellombels forskrift som gjer det mogleg å ikkje legge 2020 som grunnlagsår ved behandlinga av søknadene](#).

I søknadsskjemaet for ordninga blir organisasjonane bedt om å legge inn medlemstal for både 2019 og 2020, slik at det blir mogleg å bruke det høgste av desse tala ved gjennomgangen av søknadene.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. pkt. 3 i reglement for folkevalde organ og delegering.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:**

Forslaget er i tråd med vedtatt budsjett for Vestland fylkeskommune 2021.

**Klima:**

Ikkje relevant.

**Folkehelse:**

Ordninga tilskot til drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar er eit verkemiddel for å styrke organisasjonane sin aktivitet, inkludering og medverknad frå barn og unge. Å vere deltarar og/eller frivillig i organisasjonar gir positiv effekt på folkehelsa.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Aktivitetane i barne- og ungdomsorganisasjonane er vektlagt i dei regionale kulturplanane for Sogn og Fjordane og Hordaland.

Barne- og ungdomsorganisasjonane sitt arbeid står opp under utviklingsplanen for Vestland 2020-2024, spesielt

- punkt 3.1. Vestland skal utvikle menneskevennlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar
- punkt 4.1. Vestland skal fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn
- punkt 4.3. Vestland skal sikre deltaking gjennom trygg oppvekst, utdanning og livslang læring

#### Konklusjon

Fylkesdirektøren ser at arbeidet til dei frivillige barne- og ungdomsorganisasjonane er viktig for ungdomsmedverknad, inkludering, deltaking og utvikling av aktivitetar i lokalmiljøa. Korona-pandemien har vore utfordrande for dei frivillige organisasjonane. Fylkesdirektøren tilrår at støtta til dei regionale barne- og ungdomsorganisasjonane blir auka i 2021, og at det blir høve til å bruke medlemstal frå 2019 eller 2020 som grunnlag for utrekning av støtta. Fylkesdirektøren foreslår at tilskot til regionale ungdomsparti ikkje blir lyst ut i 2021, då ungdomspartia mottek statsstøtte, og for å følgje opp tekstformuleringane knytt til posten Ymse barne- og ungdomsføremål i budsjett 2021.